



Har du som går i 5. klasse lyst å vere med på noko spanande? Det er nemleg klart for:

# LYS VÅKEN

i Hauge kyrkje ☀

## Me samlast fredag 28. november klokka 18.00 i Hauge kyrkje.

Då skal me bli kjende, leike, synge, danse, ete pizza, førebu oss til gudstenesta og sist men ikkje minst – **overnatte i kyrkja!** Me gler oss til å gå inn i adventstida med deg. 😊

På laurdag et me frukost, pakkar saman og reiser heim klokka 10.00. På søndag møtest me att i kyrkja klokka 15.30 for å gjere dei siste førebuingane til:

# LYS VÅKEN GUDSTENESTE

i Hauge kyrkje søndag 30. november klokka 16.00

Det vert «kyrkjegløgg» og peparkaker etterpå. Då vert lysa på stallen bak kyrkja tent! ☀

**Påmelding seinast måndag 24. november** Det er gratis å delta.

Hjarteleg velkome!

Beste helsing alle oss i kyrkja i Lærdal



## Pakkeliste

- **Sovepose, liggeunderlag og pute**
- **Toalettsaker**
- **Pysjamas, innesko eller varme sokkar**
- **Inne- og utekle**
- **Mobil** kan du ta med deg, men det blir ikkje bruk for den (den blir samla inn, men alle får høve til å ringe heim å seie god natt 😊)
- **Drikkeflaske** om du blir tørst om natta



# LYS VAKEN

## Påmelding

Namn:..... Alder:.....

Føresett mobil: ..... E-post: .....

**Bilete** kan nyttast til internt bruk og til offentleggjering i lokalavisa, på kyrkja si nettside og liknande: JA ..... Nei .....

Har 10-åringen allergiar, behov for oppfølging eller tilrettelegging som vi treng å vite om?  
Gi oss beskjed om dette, så kan me saman legge til rette for at LysVaken blir ei flott oppleving.

**Merknader (allergi, tilrettelegging osv.) me bør vite om:**

★ Eg kan tenkje meg å vere nattevakt:.....  
(me treng 1-2 nattevakter frå 24:00 til 08:00)

### Send påmelding innan 24. november til:

Ta eit bilete av påmeldinga og send den på melding til Karoline på mobil: 977 90 771 eller på e-post til [karoline.thyri@laerdal.kommune.no](mailto:karoline.thyri@laerdal.kommune.no)

---

## Informasjon til føresette

Helga 28.-30. november ynskjer me 10-åringane velkomne til LysVaken i Hauge kyrkje. Me inviterer dei til å vere med å feire kyrkja sitt nyttår, som er 1. søndag i advent. LysVaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss. Vi skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Mange kyrkjelydar i Den norske kyrkja er med og arrangerer LysVaken kvart år.

**Dag 1 - LysVaken og overnatting i kyrkja:** Me samlast i Hauge kyrkje fredag 28. november klokka 18.00. Der vil me ha eit variert program med aktivitetar, førebuing av gudsteneste, måltid og sosialt samvær. Når kvelden kjem, søv me over i kyrkja. Om nokon ikkje har lyst å sove i kyrkja, kan ein likevel vere med på LysVaken. Lurdag et ungane frukost og pakkar saman, før de hentar dei kl. 10.00.

**Dag 2 – LysVaken-gudsteneste og «kyrkjegløgg»:** Søndag 30. november møtast me attende i kyrkja klokka 15.30 for å gjere dei siste førebuingane til gudstenesta kl. 16.00. Alle er sjølvsaugt hjarteleg velkomne til å vere med då, og føresette som kjem tidleg kan vente i kyrkja eller kyrkjestova fram til gudstenesta. Etter gudstenesta går me ut og bort til plassen utanfor kyrkjestova. Der vert det lystening av stallen som skal lyse opp adventstida. Det vert servert peparkaker og gløgg.

**Kven får denne invitasjonen?** Denne invitasjonen blir sendt i posten til alle 10-åringar som er medlem av DNK og som soknar til Lærdal Sokn. Alle 10-åringar i kommunen er hjarteleg velkomen til å delta.

Kontaktpersonar som er med heile/deler av helga:  
Karoline Thyri 977 90 771 og Wenche Lie Lysne 995 54 531

